

**Frå:** Ingar Hals <Ingar.Hals@vlfk.no>  
**Send:** tirsdag 7. februar 2023 14:54  
**Til:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Emne:** SV: Melding om vedtak i kommunestyret - Klage på vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2 + B3 for fv. 564 Fløksand - Vikebø

Hei!

Eg har tenkt litt på den handsaminga det blir lagt opp til her. Den er allereie sett i gang, det tar vi til etterretning. Nokre heilt uformelle synspunkt/kommentarar/spørsmål frå meg som sakshandsamar.

Fakta er at Alver kommune har gjort eit planvedtak. Ut frå normale prosedyrar kan dette vedtaket bli påklaga, og det har nokre nytta retten til å gjere. Alver kommune har handsama klagen, og teke nokre av dei til følgje. Men dei fleste er ikkje tatt til følgje m.a. dei klagen som går på val av alternativ (planen var utarbeida i to alternativ).

No blir det altså lagt opp til at vedtaket i klagesakene om å ta/ikkje ta klager til følgje og er eit vedtak som det kan klagast på.

Kva oppnår ein med dette? Slik eg ser brevet blir det ikkje opna opp for å trekke klage, slik at dei klagen som ikkje er tekne til følgje skal sendast til Statsforvaltaren for handsaming, uavhengig av mogleg respons på dette brevet? Nokre vil truleg sende nytt brev med oppretthalden klage, kanskje med "nye" moment (slike dukkar visst alltid opp). Dei må de og vi da kommentere før oversending til Stasforvaltaren.

Slik eg ser det oppnår ein berre ei forseinking av byggjestart med ein drøy månad med denne ekstra klageadgangen. Eg håper at det ikkje blir lagt opp til politisk handsaming av det som kjem inn som respons på dette brevet. Da vil forseinkinga (og unødvendig tidsbruk) bli enda større.

Med helsing

Ingar Hals  
Sjefingeniør  
Seksjon for planlegging og utbygging  
Avdeling for infrastruktur og veg

tlf.: 97 47 33 61

<https://eur03.safelinks.protection.outlook.com/?url=http%3A%2F%2Fwww.vestlandfylke.no%2F&data=05%7C01%7Ctone.furustol%40alver.kommune.no%7C4d0a7c444c7b4df3c62e08db0912ce79%7Cf9d6e533ea404f4593e6f28ff10ace53%7C0%7C0%7C638113748614787967%7CUnknown%7CTWFpbGZsb3d8eyJWIjoiMC4wLjAwMDAiLCJQIjoiV2luMzliLCJBTiI6Iik1haWwiLCJXVCi6Mn0%3D%7C3000%7C%7C%7C&sdata=ulQsKfqSINR9VU8y3iXWrShsYeNwUDVAK86y2dcGbLI%3D&reserved=0>

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl <[tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no)>

Sendt: torsdag 2. februar 2023 13:22

Til: Ingar Hals <[Ingar.Hals@vlfk.no](mailto:Ingar.Hals@vlfk.no)>

Emne: Melding om vedtak i kommunestyret - Klage på vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2  
+ B3 for fv. 564 Fløksand - Vikebø

Se vedlegg